JD 198002


FYLKESMANNEN I HORDALAND

POSTBOKS 106 - 5001 BERGEN

TELEFON 21 67 20 — TELEX 42 153


Sveio Bygningsråd
0 7 OKT. 1982
Arkiv 504

Sveio kommune
Teknisk etat

5520 SVEIO

Deres ref.:

Vår ref. (bes oppgitt ved svarbrev):
635/82.714.82-SB/LSv

Dato
4. oktober 1982

SVEIO KOMMUNE. REGULERINGSPLAN FOR INDUSTRIFELTET SVEIÅSEN DEL II, VIST PÅ KART 19.5.79.

Dykkar ekspedisjon 8.7.1982.

I medhald av § 27 i bygningslova av 18. juni 1965 og etter fullmakt av 2. juli 1973 frå Miljøverndepartementet, stadfestar fylkesmannen vedtak i Sveio kommunestyre den 31.3.1982 om nemnde regulering.

Vidare stadfestar fylkesmannen kommunestyret sitt vedtak om føresegner i tilknyting til reguleringsplanen.

Vegsjefen i Hordaland har gitt uttale til planen i brev av 2.12.1981 og fylkeslandbrukssjefen 10.2.1982.

Fylkesmannen si stadfesting gjeld ikkje som løyve til utslepp etter § 6 i lov om vern mot vannforurensing av 26. juni 1970. Det er eit vilkår at utslepp frå området ikkje finn stad før slikt løyve ligg føre fra forurensingstyresmaktene.

./. Det stadfesta reguleringskart følgjer vedlagt med påteikning
./. om stadfestinga, saman med nokre av dei innsendte saksdokumenta.

Om kunngjering av stadfesta plan viser ein til § 27 punkt 5 i bygningslova. I kunngjeringa skal det gjerast merksam på at vedtaket om stadfesting kan påklagast til Miljøverndepartementet etter nærare reglar.

FYLKESMANNEN I HORDALAND

Per Skulstad
e.f.

Vemund Ytre-Arne

Gjenpart:
- Formannskapet, 5520 Sveio
- Miljøverndepartementet, Oslo-Dep., Oslo 1
- Vegsjefen i Hordaland, C. Sundts gt. 64, 5000 Bergen
- Fylkeslandbrukssjefen i Hordaland, Småstrandgt. 1, 5000 Berge